



Ei gruppe uskedelinger like før mål.

Det er oppslag i lokalpressa om at flokkar frå Omvikedalen og Rosendal gjekk Skarverennet sist helg, men det var også eit knippe uskedelinger med. Det påpeikar Odd S. Arnesen.

Uskedelingane gikk i smågrupper kvar for seg, men på den siste toppen før innkøyringa mot mål møttes mange og samla seg til eit bilete tll minne om turen i det som lokalt kallast Jegerbakken .

. Men det var enda fleire frå Uskedalen som gjekk enn dei som vart med på biletet. Årets Skarverenn hadde bortimot 13.000 deltakarar og vart ein gedigen folkefest i strålende ver og på nysnø. Godt preparerte spor og 1.000 funksjonærer sikra suksessen.